



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
73/2022	Kommunestyret	PS	06.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen		22/55

FORSKRIFT OM ENDRING AV FORSKRIFT OM GODTGJERSLE FOLKEVALDE

Vedlegg:

Utkast forskrift om endring i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek *Forskrift om endringa i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Vaksdal, Vestland* slik den ligg vedlagt.

Kommunestyret - Sak 73/2022

KOM - Behandling:

Magne Hestad etterlyste heile forskrifta som vedlegg til saka. Han ba om punktvis avrøysting.

Røysting

- § 3 andre ledd Samrøystes vedteke
- § 3 tredje ledd Samrøystes vedteke
- § 3 fjerde ledd Samrøystes vedteke
- § 6 fjerde ledd Vedteke mot 7 røyster (AP og KRF)
- § 7 andre ledd Samrøystes vedteke
- § 8 Samrøystes vedteke
- § 12 Samrøystes vedteke

KOM - Tilråding/Vedtak:

Kommunestyret vedtek *Forskrift om endringa i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Vaksdal, Vestland*, slik den ligg vedlagt.

Saksopplysningar:

Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Vaksdal kommune vart vedteken av Kommunestyret 9.2.21, [sak 06/2021](#). . I same vedtak bad Formannskapet om at varaordførar si rolle og stillingsstorleik vart vurdert. Kommunestyret vedtok 25.01.22, [sak 09/2022](#) å utvide varaordførar si godtgjersle tilsvarande ei 40 % stilling frå 1.2.22.

Forskrifta vart deretter behandla av Ombodsutvalet. Formannskapet deretter vedtok å leggje ut til høyring, [sak 54/2022](#).

Forskriftsendringa vart lagt ut til høyring i perioden 2.6-15.7.22 og publisert på kommunen si nettside, Facebookside og i VaksdalPosten.

Kommunen fekk ingen innspel til forskrifta og vedlagde forskrift om endring i forskrift er likelydande Ombodsutvalet sitt framlegg. Kommunedirektøren legg med dette endringsforskrifta fram for kommunestyret til behandling